



Retningslinje for melding og oppfølging av HMS avvik

1. Mål

Retningslinjene skal sikra:

- at helse-, miljø- og sikkerhetsavvik (HMS-avvik) i Voss herad vert behandla i forhold til interne reglar og myndigheitskrav
- at arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg
- at alle HMS-avvik vert meldt
- at korrigerande og førebyggjande tiltak vert vurdert og sett i verk
- læring og erfaringsoverføring

2. Forankring

Retningslinjene er ein del av HMS retningslinjene i Voss herad og er forankra i arbeidsmiljølova og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften).

3. Omfang

Retningslinja omfattar HMS-avvik og gjeld alle tilsette.

3.1 Forhold som ikkje skal meldast som HMS-avvik:

- Konflikt mellom tilsette skal behandlast i forhold til Voss herad sin rutine for handtering av konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering
- Varsling av kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljøloven § 2-4 og varsel i følge varslingsplikt i arbeidsmiljøloven § 2-3 nr. 2 d) om trakassering eller diskriminering, skal handterast i forhold til heradet sine retningslinjer for varsling

4. Ansvar

Leiar har innanfor sitt ansvarsområde:

- ansvar for at retningslinja blir iverksett og følgt opp
- ansvar for å følge opp meldte HMS-avvik og setta i verk korrigerande og førebyggjande tiltak

Tilsette har plikt til å følge retningslinja.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) skal gå gjennom meldte HMS-avvik og sjå til at tiltak vert gjennomført.

5. Definisjonar

HMS-avvik er uønskte hendingar og/eller forhold som har ført til eller kan føra til skade på menneske, miljø og materiell, mellom anna:

- branntilløp, brann og eksplosjon
- materiell skade og bygningsmessige forhold
- personskade (i ii)
- skadeleg utslepp til miljø
- feilhandtering av kjemikalier/gass og biologiske faktorar
- vald og truslar fra tredje part
- brot på HMS-lovgjeving og HMS- retningslinjer/-prosedyrar
- innbrot, tjuveri, ran og uvedkomande i/ved bygg

Personskade:

- i) Mindre personskade som ikkje har ført til medisinsk behandling.
- ii) Skade som ført til medisinsk behandling og er meldepliktig til NAV
Alvorleg skade skal og meldast til Arbeidstilsynet



Vald og truslar frå tredjepart: Med tredjepart er her meint personar som ikkje er tilsett i Voss herad som truar eller utøver vald mot ein tilsett i Voss herad i arbeidssituasjon.

Leiar: Leiarar med personalansvar

6. Melding og oppfølging av HMS-avvik

6.1 Melding av HMS-avvik

Tilsette:

Skal så snart eit HMS-avvik er oppdaga melda avvik i det digitale avvikssystemet Tilsette skal beskriva HMS-avviket og foreslå tiltak. Meldinga vert automatisk sendt til leiar. Verneombod får og automatisk kopi. HMS rådgjevar og Hovudverneombodet har tilgang til å sjå alle avvik

Alvorlege personskadar og ved fare for liv og helse skal ein umiddelbart melda til næraste leiar, og til kollegaer som kan vera i fare.

6.2. Oppfølging av HMS-avvik

Leiar skal innanfor sitt ansvarsområde:

- informera tilsette om korleis melda avvik og korleis prosessen er
- følgja opp mottatte HMS-avvik og vurderer korrigerande og førebyggjande tiltak
- ved HMS-avvik som omfattar personskade som har ført til medisinsk behandling skal det meldast til NAV på eige skademeldingsskjema. Meldinga skal sendast så snart som råd og seinast innan eit år etter skaden har skjedd.
- Alvorlege skadar skal meldast til [arbeidstilsynet og politi](#) der det er kravd.
- Ved yrkesskadar eller yrkessjukdom som kan gi rett til erstatning etter Lov om Yrkesskadeforsikring skal skademelding sendes heradet sitt gjeldande forsikringselskap, etter dei reglane som selskapet har
- dersom HMS-avviket ikkje kan løysast lokalt skal meldinga takast opp med det nivået eller eining som kan bidra til løysing
- sørge for at alle HMS-avvik vert følgt opp, dokumentert og ferdigstilt.

Verneombod:

- får kopi av meldte HMS-avvik og føl saksbehandlinga.
- Skal sjå til at leiar føl opp meldte HMS-avvik.
- bistå leiar og tilsette ved behov.

HMS-rådgjevar:

- skal gje opplæring til leiarar og tilsette i systemet
- kan sjå alle meldte HMS-avvik
- skal leggja fram periodevise rapportar av HMS-avvik for AMU

Referansar [Arbeidsmiljøloven](#)
[Internkontrollforskriften](#)

Dokument – ID

Utarbeidd av: *HMS rådgjevar,*
Hovudverneombodet (HVO)
og vara HVO

Godkjend dato: 20.11.20

Revidert: 29.09.21